



## KNARVIK BARNEHAGE AS

Lonsvegen 76

5914 ISDALSTØ

Org.nr.: 993 291 749

Tlf: 56 35 10 70

E-post: [post@knarvikbarnehage.no](mailto:post@knarvikbarnehage.no)

[www.knarvikbarnehage.no](http://www.knarvikbarnehage.no)



Lindås kommune  
Plan – og miljøutvalet  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Knarvik, 17.08.17.

### **Merknad til planframlegg, områdeplan for Lonselva – Juvikvarden.**

Knarvik barnehage ynskjer med dette å koma med ein merknad til planen i høve forslag til gang- og sykkelveg langs barnehagetomta.

I illustrasjonen/kartet er denne vegen lagt parallelt med gang- og sykkelsambandet langs skulebygget mot nord-aust. Gangvegen som er foreslått langs gjerdet vårt vil ha felles inn- og utgang som den parallelle gangvegen langs skulebygget. Vi ser difor ingen hensikt med å gjera inngrep i eit naturområde for å lage ein tilleggsveg. Ferdsele i dette området vil neppe bli så stort at ein treng to parallelle gang- og sykkelsamband.

Gang- og sykkelvegen langs gjerdet vårt vil i fylgje illustrasjonen/kartet gripe inn i eit av dei mest brukte turområda for 1-3 åringane våre (Maurtuatoppen). Høve for å bruke eit godt tilrettelagt naturterreng vil verta avgrensa. Dersom det skal leggjast ein gang- og sykkelveg her reknar vi med at inngrepa i området gjer at denne vesle høgda forsvinn. Sidan inngangen til gang- og sykkelvegen er lagt i svingen ved innkjørselen til fleirbrukshallen/skulen, vert dette også eit farleg område å ferdast med dei aller minste barna. Ved innkjørselen til parkeringsplassen vil det lett oppstå konflikt mellom kjøretøy og dei minste, mjuke trafikantane.

Vi ber om at behovet for denne vegen vert vurdert kontra behovet for å skjerma dei minste barna på vårt leikeområde for ferdsel langs gjerdet vårt. Utan ein gang- og sykkelveg vil dette området vera ei buffersone som gir ro for barna under sovetida og i tida for leik ute. Vegetasjonen i dette området skjermar leikeområdet vårt frå den kalde vinden som tar godt når den står på frå sør-vest, og det er viktig for oss at denne vegetasjonen vert ivaretatt.

Etter vår meining er det ikkje eit reelt behov for gang- og sykkelvegen langs barnehagetomta. Vi håper det her blir tatt omsyn til dei minste barnas behov og at denne gang- og sykkelvegen vert strøken frå planen.

Mvh.

*Agnes Sønstabø*

Agnes Sønstabø

-dagleg leiar-

Knarvik barnehage AS